

Undringssamtale – foreldre/føresette

<p>Generelt om undringssamtale</p>	<p>Undringsstamtale er ein samtale med føresette når ein vert oppmerksam/uroa for eit barn eller omgivnadane kring barnet.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Denne samtalen skal gjennomførast så raskt som mogleg etter uroa har oppstått. • Samtalen kan vere: <ol style="list-style-type: none"> a. ein planlagt og innkalla samtale b. ein kort og uformell samtale, til dømes ved henting/levering eller på telefon. • Undringa bør vere konkret (kva er det som faktisk er sett, høyrte, observert) • Skal vere ein samtale der personalet ikkje har nokon «fasit» eller haldning til korleis saka er, men meir ein undrande samtale (kva kan det skuldast at..?) • Skal vere ein samtale der personalet raskt kjem til saka, fortel kort om kva dei undrar seg over og spør foreldra kva dei tenker om dette.
<p>Forslag til struktur:</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Velkommen 2. Kort om bakgrunn for samtale 3. Be foreldra om innspel på kva dei tenker om det dei høyrer 4. Utforsk saman med foreldra kva observasjonen botnar i 5. Vert einige om mål og vurderingspunkt (Kva vil vi sjå? Når?) 6. Vert einige om kva som skal gjerast i første omgang/tiltak
<p>I etterkant av samtalen</p>	<p>Etter ein slik samtale held den som har gjennomført samtalen («stafetthaldaren») tak i merksemda/uroa.</p> <p>Er det ikkje grunn til vidare merksemd vert saka avslutta.</p>